

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesutvalet
Møtestad:	, Digitalt møte
Dato:	09.02.2021
Tid:	09:00 - 12:05

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Noralv Distad	Medlem	H
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP
Morten Klementsén	Medlem	UA
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Marthe Hammer	Medlem	SV
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Terje Søviknes	Medlem	FRP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Bård Sandal	Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Katarzyna Holmegård	Spesialrådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 6/21	Godkjenning av protokoll frå møte 19.01.2021	2021/646	
	Skriftlige spørsmål		
SI 4/21	Spørsmål frå Helle (A) til fylkesutvalet 09.02. - Oppdatert status på Strekninga Vågsbotn - Klauvaneset	2020/36319	
SI 5/21	Spørsmål frå Andersen (FNB) - Villrein og skrantesjuke på Hardangervidda - Vestland fylke si involvering i saka.	2020/36319	
	Referatsaker		
RS 9/21	Drosjetilbodet i distrikta - brev frå samferdselsdepartementet	2020/73075	
RS 10/21	Høyringsuttale frå Høyanger kommune	2021/2807	
RS 11/21	Notat gjenbruk Fylkeshuset	2020/46235	
	Politiske saker		
PS 18/21	Oppfølgingstenesta - tiltak inkludert evaluering av produksjonsskulen	2020/79315	
PS 19/21	Høyring - Forslag til endringar i reglane for små elektriske køyretøy	2021/2225	
PS 20/21	Høyringsssvar - forslag til endringar i lov om interkommunale selskaper	2021/1290	
PS 21/21	GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksporten		
PS 22/21	Fagskulen i Vestland		
PS 23/21	Høyringsuttale frå Høyanger kommune		

Godkjenningssaker

GK 5/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Møteinnkallinga vart godkjend utan merknader.

Anne Gine Hestetun(A) sette på vegner av A, Sp, SV, V, KrF og MDG fram forslag om at følgjande saker vart sett på sakslista som vedtakssaker:

1. GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrke eksport.
2. Fagskule i Vestland.

Utvalet vedtok å setje sakene på sakslista som vedtakssaker.

1. GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrke eksport fekk saksnummer PS 21/21.
2. Fagskule i Vestland fekk saksnummer PS 22/21.

Trude Brosvik (KrF) sette fram forslag om at RS 10/21 Høyringsuttale frå Høyanger kommune på vart sett på sakslista som vedtakssak.

Utvalet vedtok å setje saka på sakslista som vedtakssak.

Høyringsuttale frå Høyanger kommune fekk saksnummer PS 23/21.

Sakslista vart godkjent med disse endringar.

GK 6/21 Godkjenning av protokoll frå møte 19.01.2021 Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Protokoll frå møte 19.01.2021 vart godkjend utan merknader.

Skriftlige spørsmål

SI 4/21 Spørsmål frå Helle (A) til fylkesutvalet 09.02. - Oppdatert status på Strekninga Vågsbotn – Klauvaneset

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Svar frå fylkesrådmannen:

Det er utarbeida eit framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Klauvaneset-Vågsbotn-Arna. Bergen kommune gjorde vedtak om utlegging til offentleg ettersyn 19. november 2020.

Rundskriv R-108/19 Statens prosjektmodell, tilseier at det skal bli fastsett økonomiske styringsmål for alle større statlege prosjekt. Statens vegvesen har ut i frå dette fått pålegg om å ikkje leggje ut planframlegget til offentleg høyring før det ligg føre eit framlegg til økonomisk styringsmål. I skrivande stund ligg saka no i Statens vegvesen, og skal bli oversendt Samferdsledepartementet for vedtak av styringsmål. Etter det fylkesrådmannen får opplyst, kan saka sendast ut til offentleg ettersyn når framlegg til styringsmål er godkjent hos Vegdirektøren og oversendt departementet.

Etter det fylkesrådmannen kjenner til, bør styringsmål vere vedteke for at prosjekt skal kome inn i første 6-årsperiode av Nasjonal transportplan. Det vil ikkje nødvendigvis vere krav til at reguleringsplanen er godkjent.

Fylkesrådmannen har ikkje opplysingar om kva for konsekvensar dette kan få for prioritering av prosjektet i Nasjonal transportplan.

SI 5/21 Spørsmål frå Andersen (FNB) - Villrein og skrantesjuka på Hardangervidda - Vestland fylke si involvering i saka.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Svar frå fylkesordførar:

Det er rett at det er ein alvorleg situasjon for villreinen. Den påviste skrantesjuka kjem på toppen av ei rekkje andre utfordringar for villreinen, som eit resultat av at villreinen sine leveområde vert stadig meir fragmentert og innskrenka.

Engasjementet frå fylkeskommunen har i all hovudsak vore gjennom arbeidet med dei regionale planane for villreinområda; Regional plan for Nordfjella og Regional plan for Hardangervidda. Dette er interregionale planar med tydelege arealføringar i dei omfatta fjellområda, og inneber samarbeid mellom Vestland fylkeskommune, Viken fylkeskommune og Vestfold-Telemark fylkeskommune.

Desse plansamarbeida har interregionale sekretariat der Vestland fylke er representert. Det er og politiske styringsråd, Nordfjellarådet og Hardangerviddarådet, der Vestland fylkeskommune er representert med to fylkespolitikarar i kvart råd. Samlege kommunar er representert med ordførar.

Nordfjella:

I ein intensjonsavtale frå 8. mai 2018 beslutta staten ved Landbruks- og matdepartementet og Klima og miljødepartementet, Nordfjellarådet og dei seks aktuelle kommunane, at det skulle bli utarbeida eit heilskapleg program for å nedkjempe skrantesjuka (CWD) i Nordfjellaområdet.

Programutvalet utarbeida eit program med arbeidspakkar der mål, tiltak og ansvarsfordeling vart tydeleggjort. Det er eit sentralt premiss i programmet at Nordfjella villreinområde har status som nasjonalt villreinområde, og at Nordfjella sone 1 skal bli forvalta som om villreinen framleis er der i brakkleggingsperioden. Målet er at når reetableringa er gjennomført, har den friske stammen i Nordfjella eit villreinområde av minst like god kvalitet som før uttaket vart gjort. Dette inneber at området Nordfjellaplanen dekker, må verte forvalta i tråd med føringane i regional plan.

Hardangervidda:

26. januar 2021 la Vitskapskomiteen for Mat og Miljø (VKM) fram ei statusrapport på situasjonen rundt skrantesjuka på Hardangervidda. Dette er eit fagleg grunnlag for vidare forvaltning av villreinstamma. Miljødirektoratet og Mattilsynet har ansvar for vidare prosess, før det vert gjort endelege vurderingar i regjeringa. Dei regionale føringane for arealforvaltning vert ikkje påverka av dette arbeidet. Når det no er funnen skrantesjuka utanfor Nordfjella er det eit meir komplekst sjukdomsbilete, som vil krevje nye tilnærmingar. Det vert lagt til grunn ein arbeidsprosess med deltaking frå både lokalt og regionalt nivå, som ved utbrotet i Nordfjella 2016-2018.

Dei regionale planane for villreinområda, som fylkeskommunane har ansvar for, er vårt viktigaste verkemiddel for å følgje opp villreinen under sjukdomsutbrotet, både på kort og lang sikt. Plansamarbeidet er ein viktig arena for samarbeid på tvers av fylkesgrensene, både politisk og administrativt. Dette er og ein veletablert arena der andre aktørar som Villreinnemnda, Villreinutvala, Norsk Villreinsenter m.fl. er godt representerte. Vestland fylke har ei betydeleg rolle i dette viktige samarbeidet, og har bidrege aktivt både med kunnskapsformidling om skrantesjuka, og å mobilisere midlar til eigne sjukdomsrelaterte tiltakspunkt i handlingsprogramma.

Handlingsprogram for Nordfjella vart vedteken i Vestland fylkesting i desember 2020, og nytt handlingsprogram for Hardangervidda vil kome for godkjenning i fylkestinget.

Fylkesordføraren rår til at det vert lagt fram eit notat til politisk nivå som gjer greie for status og anbefalingar i løpet av våren, og at vidare engasjement fortsett via dei interregionale plansamarbeida rundt Nordfjella og Hardangervidda.

Fylkeskommunen sitt viktigaste bidrag er aktiv deltaking i arbeidet med regionale planar, og å sikre ein arealbruk som ikkje ytterlegare fragmenterer og innskrenkar dei allereie sårbare fjellområda villreinen er avhengig av. Medan statlege organ har det overordna ansvaret for artsforvaltninga av villrein, har fylkeskommunen gjennom dei regionale planane eit særleg ansvar for arealforvaltninga i villreinområda. Ansvaret vårt gjennom dei regionale planane er å legge til rette for fjellområde som kan huse ein sunn og levedyktig villreinstamme - både i dag og for framtidige generasjonar.

Referatsaker

RS 9/21 Drosjetilbudet i distrikta - brev frå samferdselsdepartementet
Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Vart referert.

RS 10/21 Høyringsuttale frå Høyanger kommune
Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Vart behandla som PS 23/21.

RS 11/21 Notat gjenbruk Fylkeshuset
Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Vart referert.

Politiske saker

PS 18/21 Oppfølgingstenesta - tiltak inkludert evaluering av produksjonsskulen

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø vert avvikla frå skuleåret 2021/2022 om det ikkje vert tilført statlege løyvingar.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 14.01.2021

Aleksander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt alternativt forslag til punkt 3:

«Nytt pkt 3

Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.»

Alexander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt tilleggssforslag til punkt 4:

«Nytt punkt 4

Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:

- Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
- Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
- Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.»

Alexander Fosse Andersen, SP, sette på vegner av SP, A, SV, MDG og KrF fram slikt tilleggssforslag til punkt 5:

«Nytt punkt 5

Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfølging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 1 og punkt 2, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag, punkt 3, fekk inga røyster og fall.

Andersen sitt alternative forslag til punkt 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Andersen sitt tilleggsforslag til nytt punkt 4 vart vedteke mot 2 røyster (H).

Andersen sitt tilleggsforslag til nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
 - Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.
5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfølging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen

vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.»

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Avrøysting

Innstillinga pkt.:1,2,3, og 5 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt 4 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp, FNB).

Innstilling

2. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
3. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
 - Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.
5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfylging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.

PS 19/21 Høyring – Forslag til endringar i reglane for små elektriske køyretøy
Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner det er avgjerande å regulera bruken av små elektriske køyretøy for å redusera talet på ulykker med personskadar.
2. Fylkeskommunen meiner reguleringane må sikra at små elektriske køyretøy vert eit positivt bidrag til reisemiddelfordelinga i byområda, og ikkje skapar utryggleik og dårleg framkome for dei gåande, og menneske med nedsett funksjonsevne.
3. Vestland fylkeskommune er positive til reguleringar som sikrar at bruk av små elektriske køyretøy på gangareal skjer på fotgjengarane sine premiss. Det er viktig at slike reguleringar vert fylgt opp for å sikra etterlevinga.
4. Vestland fylkeskommune støtter forslaget om ei omklassifisering av små elektriske køyretøy til ei ny klasse motorvogn.
5. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om innføring av promillegrense for små elektriske køyretøy.
6. Fylkeskommunen er positiv til å innføra aldersgrense for bruk av små elektriske køyretøy.
7. Fylkeskommunen vil vidare vektlegga betydinga av at kommunar sjølve kan stilla vilkår til kommersiell utleige av små elektriske køyretøy, mellom anna knytt til bruk på kveld- og nattetid og regulering av parkering.
8. Vestland fylkeskommune vil presisere at fylkeskommunen må ha råderett over eige areal, og at eventuell parkering på fylkeskommunen sitt areal må godkjennast av fylkeskommunen.
9. Fylkeskommunen meiner det er viktig at reguleringane som vert vedtatt innan rimeleg tid vert evaluert, for å sikra at dei tar i vare nullvisjonen og bidrar positivt til ei meir klima- og miljøvenleg reisemiddelfordeling.

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Terje Søviknes (Frp)- sette fram slikt forslag:

Alternativ:

«Vestland fylkeskommune meiner ein må opparbeida meir erfaring med bruk av små elektriske køyretøy (elsparkesyklar, segway, rullebrett o.l. før ein vedtek ei svært omfattande og detaljert regulering av bruken gjennom forskrifter.»

Alexander Øren Heen (Sp) - sette på vegner av A, SV, MDG, SP, V, KrF fram slikt forslag:

Alternativ:

«Punkt 7 og 8 vert punkt 1 og 2. Resten blir frå 3 og utover. Slik at vedtaket lyder slikt:

1. Fylkeskommunen vil vektlegga betydinga av at kommunar sjølve kan stilla vilkår til kommersiell utleige av små elektriske køyretøy, mellom anna knytt til bruk på kveld- og nattetid og regulering av parkering.
 2. Vestland fylkeskommune vil presisere at fylkeskommunen må ha råderett over eige areal, og at eventuell parkering på fylkeskommunen sitt areal må godkjennast av fylkeskommunen.
 3. Vestland fylkeskommune meiner det er avgjerande å regulera bruken av små elektriske køyretøy for å redusera talet på ulykker med personskadar.
 4. Fylkeskommunen meiner reguleringane må sikra at små elektriske køyretøy vert eit positivt bidrag til reisemiddelfordelinga i byområda, og ikkje skapar utryggleik og dårleg framkome for dei gåande, og menneske med nedsett funksjonsevne.
 5. Vestland fylkeskommune er positive til reguleringar som sikrar at bruk av små elektriske køyretøy på gangareal skjer på fotgjengarane sine premiss. Det er viktig at slike reguleringar vert fylgt opp for å sikra etterlevinga.
 6. Vestland fylkeskommune støtter forslaget om ei omklassifisering av små elektriske køyretøy til ei ny klasse motorvogn.
 7. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om innføring av promillegrense for små elektriske køyretøy.
 8. Fylkeskommunen er positiv til å innføra aldersgrense for bruk av små elektriske køyretøy.
- Fylkeskommunen meiner det er viktig at reguleringane som vert vedtatt innan rimeleg tid vert evaluert, for å sikra at dei tar i vare nullvisjonen og bidrar positivt til ei meir klima- og miljøvenleg reisemiddelfordeling. «

Avrøysting

Søviknes forslag fekk 3 røyster (Frp, FNB) og fall

Heen sitt forslag vart vedteke, 14 mot 3 røyster (Frp, FNB)

Vedtak

1. Fylkeskommunen vil vektlegga betydinga av at kommunar sjølve kan stilla vilkår til kommersiell utleige av små elektriske køyretøy, mellom anna knytt til bruk på kveld- og nattetid og regulering av parkering.
2. Vestland fylkeskommune vil presisere at fylkeskommunen må ha råderett over eige areal, og at eventuell parkering på fylkeskommunen sitt areal må godkjennast av fylkeskommunen.
3. Vestland fylkeskommune meiner det er avgjerande å regulera bruken av små elektriske køyretøy for å redusera talet på ulykker med personskadar.
4. Fylkeskommunen meiner reguleringane må sikra at små elektriske køyretøy vert eit positivt bidrag til reisemiddelfordelinga i byområda, og ikkje skapar utryggleik og dårleg framkome for dei gåande, og menneske med nedsett funksjonsevne.
5. Vestland fylkeskommune er positive til reguleringar som sikrar at bruk av små elektriske køyretøy på gangareal skjer på fotgjengarane sine premiss. Det er viktig at slike reguleringar vert fylgt opp for å sikra etterlevinga.

6. Vestland fylkeskommune støtter forslaget om ei omklassifisering av små elektriske køyretøy til ei ny klasse motorvogn.
7. Vestland fylkeskommune støttar forslaget om innføring av promillegrense for små elektriske køyretøy.
8. Fylkeskommunen er positiv til å innføra aldersgrense for bruk av små elektriske køyretøy.
Fylkeskommunen meiner det er viktig at reguleringane som vert vedtatt innan rimeleg tid vert evaluert, for å sikra at dei tar i vare nullvisjonen og bidrar positivt til ei meir klima- og miljøvenleg reisemiddelfordeling.

PS 20/21 Høyrings svar - forslag til endringar i lov om interkommunale selskaper
Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt forslag om endringar i lov om interkommunale selskap.
2. Vestland fylkeskommune meiner kommunal- og moderniseringsdepartementet bør fremme forslag om høve til å ha fjernmøte òg for saker som skal vere lukka etter kommunelova § 11-5 (2).

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt forslag om endringar i lov om interkommunale selskap.
2. Vestland fylkeskommune meiner kommunal- og moderniseringsdepartementet bør fremme forslag om høve til å ha fjernmøte òg for saker som skal vere lukka etter kommunelova § 11-5 (2).

PS 21/21 GIEK og Eksportkreditt må flyttast til Vestlandet/Bergen for å styrka eksporten
Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Anne Gine Hestetun (A) sette på vegner av A, Sp, SV, V, MDG, Krf, V, UA. og FNB fram slikt forslag:

Forslag til vedtak:

«Norge har eit stort potensiale for vekst i eksportnæringar, og for å vinna tilbake markedsandelar.

Norge treng eksportinntekter for å finansiera velferd når inntektene frå olje vert redusert.

Den planlagde samanslåinga av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliserast til Vestlandet/Bergen der næringskompetansen er, og fortrinnsvis til Bergen der fleire eksportnæringar er etablert og som i tillegg har eit sterkt finans- og forskningsmiljø.»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Norge har eit stort potensiale for vekst i eksportnæringar, og for å vinna tilbake markedsandelar.

Norge treng eksportinntekterfor å finansiera velferd når inntektene frå olje vert redusert.

Den planlagde samanslåinga av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliserast til Vestlandet/Bergen der næringskompetansen er, og fortrinnsvis til Bergen der fleire eksportnæringar er etablert og som i tillegg har eit sterkt finans- og forskningsmiljø.

Anne Gine Hestetun (A) sette fram på vegner av alle medlemmar slikt forslag:

«Uttale/bestilling av sak: Fagskulen i Vestland

I samband med samanslåinga av fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, er det etablert eit eige prosjektstyre. Fagskulen i Vestland blir den nest største fagskulen i landet. Arbeidet er omfattande og det er difor avgjerande at roller og ansvar er så tydeleg som mogeleg. Då må grensesnittet mot opplæringsavdelinga i Vestland fylke vera avklart.

Fylkesutvalet ber om ei sak om eigarstyring av Fagskulen i Vestland. I saka ber ein fylkesrådmannen fremja eit delegasjonsdokument som regulerer forholdet og fordeling av myndighet mellom fagskulestyret/rektor og fylkesadministrasjonen. Rolla til fylkesadministrasjonen og fylkestinget som skuleeigar og den organisatoriske plasseringen av fagskulen i fylkeskommunen, bør også drøftast.

Vidare bør saka sjå nærare på størrelsen på den fylkeskommunale delen av fagskulen sitt budsjett, samt størrelsen på Vestland fylkeskommune sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

Saka skal leggjast fram for politisk handsaming hausten 2021. Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland skal gje uttale til saka før politisk behandling.»

Avrøysting

Hestetun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Uttale/bestilling av sak: Fagskulen i Vestland

I samband med samanslåinga av fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, er det etablert eit eige prosjektstyre. Fagskulen i Vestland blir den nest største fagskulen i landet. Arbeidet er omfattande og det er difor avgjerande at roller og ansvar er så tydeleg som mogeleg. Då må grensesnittet mot opplæringsavdelinga i Vestland fylke vera avklart.

Fylkesutvalet ber om ei sak om eigarstyring av Fagskulen i Vestland. I saka ber ein fylkesrådmannen fremja eit delegasjonsdokument som regulerer forholdet og fordeling av myndighet mellom fagskulestyret/rektor og fylkesadministrasjonen. Rolla til fylkesadministrasjonen og fylkestinget som skuleeigar og den organisatoriske plasseringen av fagskulen i fylkeskommunen, bør også drøftast.

Vidare bør saka sjå nærare på størrelsen på den fylkeskommunale delen av fagskulen sitt budsjett, samt størrelsen på Vestland fylkeskommune sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

Saka skal leggjast fram for politisk handsaming hausten 2021. Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland skal gje uttale til saka før politisk behandling.

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, SV, V, MDG, UA og FNB fram slikt forslag

Alternativ:

«Fylkesutvalet i Vestland fylke støttar uttalane til Høyanger kommune og Sogn Regionråd vedkommande Tronvik.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet i Vestland fylke støttar uttalane til Høyanger kommune og Sogn Regionråd vedkommande Tronvik.